



Høyring forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2020-21

Høyringsfrist

Høyringsfrist vert sett til 15.11.19. Høyringsuttale vert å sende til Radøy kommune, v kommunalsjef for oppvekst. Skulen og barnehagen sitt personale, organisasjonar og råd og utval er aktuelle høyringsinstansar.

Grunnskulen

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gjev rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutte etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale.

Barnehagen og SFO

Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert rådmannen.

Datoar for start, slutt og feriar 2020-21:

- SFO start, 11 mnd. tilbod	Måndag 03.08.20
- Barnehageåret startar	Tysdag 11.08.20
- Første dag for nye barn i barnehage	Torsdag 13.08.20
- Første skuledag	Torsdag 13.08.20
- Haustferie skule	Veke 41, 5. – 9.10.20
- Juleferie skule	21.12.20 - 01.01.21
- Vinterferie skule	Veke 9, 1.03- 5.03.21
- Påskeferie skule	29.03 - 5.04.21
- Siste skuledag	Fredag 18.06.21

Dagar med elevfri og stengt i barnehagar:

Stengde barnehagar og skular er: 11.august, 12.august, 6.november, 5. februar og 14.mai. 24. - 31.desember er både barnehagar og SFO med 11 månaders tilbod stengde. Onsdag i påskeveka stengjer barnehagane og SFO med 11 månaders tilbod klokka 12.



Planleggingsdagar i barnehage

11.august, 12.august, 6.november, 5. februar og 14.mai vert planleggingsdagar for barnehage. Dagane kan brukast til felles kompetanseheving i barnehagen, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har 2 felles planleggingsdagar, 06.11.20 og 5.02.21, der det vert tilbydd aktuelle kurs for tilsette frå alle kommunar.

Planleggingsdagar for grunnskule

Alle farga dagar i vedlagte kalender kan nyttast til planlegging for personalet i skule. Skulane avgjer sjølv, etter lokale drøftingar, plassering av planleggingsdagane for pedagogisk personale i SFO og skule. Skulen er ansvarleg for informasjon om dette til elevar og foreldre. Dagane kan brukast til felles kompetanseheving på skulen, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har 2 felles planleggingsdagar, 06.11.20 og 5.02.21, der det vert tilbydd aktuelle kurs for tilsette frå alle kommunar.

Flytting av elevfrie dagar

Om ein skule ønskjer å flytta på ein eller fleire av dei felles elevfrie dagane, føreset det drøfting i dei lokale rådsorgana. Skulen må sjølv ta kostnadane og organisering av skuleskyss. Skulen søkjer rådmannen om endring. Frist for søknad om flytting av elevfrie dagar: 1.oktober 2020

Undervisning/aktivitet på kveldstid

Skulen skal til vanleg ikkje ha obligatorisk undervisning/aktivitet på kveldstid jf. Forskrift til Opplæringslova §1-6. Rådmannen presiserer at flyttinga av undervisningstid må vera grunngeven i skulen sine planar. Krav til innhald og læringsmål frå læreplanen må vera tydeleg. Det må også vera krav om oppmøte, og skyss må vera organisert. Flytting av undervisningstid innafor ramma av enkelttimar kan avgjerast lokalt av rektor i samråd med dei lokale rådsorgana.

Siste dag før jul og sommar

I Radøy, Meland og Lindås kommune har det vore ein tradisjon at skulane siste dag før jul og sommar har slutta etter 4.time eller slik at det høver med samordning av skuleskyss. Avkorta dag før jul og sommar har vore ein kompensasjon for kveldsarrangement gjennom skuleåret.